

Til

Eldrerådet og sekretær for rådet

Dato: 27/6/25

Ferien står for døra, og vi i Senteret for et aldersvennlig Norge vil takke for samarbeidet dette halvåret. Både på dei digitale og fysiske samlingane vi har arrangert eller delteke på.

Eldreråda si oppgåve med å løfte dei eldre sine synspunkt inn mot politikarane i kommune og fylke blir stadig viktigare etter kvart som vi blir stadig fleire seniorar i landet. Då er det viktig å dele kunnskap og gode erfaringar med kvarandre. Gjennom nettverk, fysiske og digitale møteplassar kan vi få gjort dette, og slik inspirere og spele kvarandre gode.

Fleire som har delteke på "Eldrerådskaffe" har ytra ønske om ei oversikt over datoar for hausten, for lettare å kunne leggje planer. Har for hausten landa på at vi legg desse teams-samlingane fast til andre tysdag i månaden frå kl. 10.00 til 11.00. Det er fordelar og ulemper med å ligge fast på ein dag, og for nokon vil dette sikker kollidere ofte. Fordelen er at det blir forutsigbart. Så får vi helle vurdere å bytte dag for våren 2026. Kom gjerne med forslag til aktuelle tema de ønskjer vi skal ta opp.

Eg fører og opp ein del andre tilbod som Senteret har som også kan være aktuelle for eldreråda. Vi har og planer om andre aktivitetar og tilbod som ikkje er fastlagt enno.

Om de ønskjer at vi skal bidra på regionale konferansier gjer vi gjerne det så langt vi greier. Ta i så fall kontakt.

Nokre aktuelle datoar hausten 2025 for eldreråd.

Eldrerådskaffe:

Det blir "Eldrerådskaffe" **andre tysdag i kvar månad denne hausten**. Tidspunkt frå kl. 10.00-11.00

Det er ikkje påmelding, og du blir med i samlinga ved å trykke på denne lenka:

[Bli med i møtet nå](#)

Møte-ID: 338 536 129 563 3

Passord: LH7yk7yS

(Lenka må gjerne delast med andre i rådet som har interesse av å bli med)

Dato	Tema på Eldrerådskaffe
12. august	Innbyggjardialog og medverking. På grunn av at ikkje alle har avvikla ferien enno startar vi litt forsiktig og hentar innleiinga denne gongen frå eit webinar om Innbyggjardialog og medverking som Senteret tidlegare har arrangert. MandagsSTOPPEN – en møteplass mellom innbyggjarar og samfunnsaktørar. Vi tek utgangspunkt i innslaget der frivillig ved Ullern kultursenter Bjørg Duve og koordinator aldersvennlig bydel Mari Bilben, Oslo kommune, fortel om tilbudet MandagSTOPPEN Heile webinarret kan du sjå her: Webinar - innbyggjardialog og medverking Korleis kan eldre i din kommune være med å seie si mening og medverke?
9. september	Beredskap Eyvind Frilseth, Spesialrådgjevar i pensjonistforbundet vil innleie til temaet. Han er sentral i PF sitt arbeid med tanke på beredskap. Korleis er det med beredskap og eldre i din kommune?
14. oktober	"Å bli alene", Hva skjer når partneren er borte? Korleis går livet vidare? Eivind Aakhus, fagsjef psykisk helse, frå Aldring og Helse
11. november	?
9. desember	?
13. januar	?

"Møt våre partnere":

"Møt våre partnere" er ein digital møteplass der du får du møte dei ulike organisasjonane og verksemdene som er ein del av partnerskapsordninga til Senteret for et aldersvennleg Norge. Dei vil presentere nyttig innsikt og refleksjonar, aktuelle aktivitetar, prosjekt og verktøy dei arbeider med for å bidra til ein meir aldersvennlig og bærekraftig samfunnsutvikling.

Til desse samlingane må du **melde deg på**. Bruk denne lenka: [Hva skjer? - Aldersvennlig](#).
Klikk på rett arrangement, registrer deg, og du vil få tilsendt lenke til å delta på samlinga.

Dato	Tema på "Møt våre partnere"
26. august	Bli kjent med senterets partnere, Voksenopplæringsforbundet (Vofo), Design og arkitektur Norge (DOGA) og Skadeforebyggende forum (Skafor). På denne digitale møteplassen for samarbeid og samskaping vil de dele nyttig innsikt og refleksjoner, aktuelle aktiviteter, prosjekt og verktøy de arbeider med for å bidra til en mer aldersvennlig og bærekraftig samfunnsutvikling.
21. oktober	Bli kjent med senterets partnere, Nav hjelpemidler og tilrettelegging, Pensjonistforbundet og Huseierne. På denne digitale møteplassen for samarbeid og samskaping vil de dele nyttig innsikt og refleksjoner, aktuelle aktiviteter, prosjekt og verktøy de arbeider med for å bidra til en mer aldersvennlig og bærekraftig samfunnsutvikling.
11. desember	

Webinar/ workshop i kommunikasjon og mediehandtering

Tentative datoar: 24/9, 23/10 og 6/11.

(Endeleg dato og påmelding til desse samlingane kjem i eigen e-post etter ferien.)

I mars og april gjennomførte Senteret tre samlingar på Gardermoen der kommunikasjon og mediehandtering var eit av to tema. Dette var populært, og fleire har ytra ønske om å få dette i ein digital versjon. Det har vi planer om å tilby denne hausten. Det blir ei samling via Teams. Denne samlinga er derfor tenkt for dei som ikkje fekk høve til å delta på Gardermoen.

Kurset vil innehalde ein teoretisk del om korleis media arbeider, korleis ein kan komme på med ei sak. Kunnskap, tips, triks og praktiske øvingar i møte med, og bruk av, ulike typar massemedia. TRY som hadde kurset på Gardermoen har gjort opptak av presentasjonane sine. Dette vil utgjere teoridelen. Vidare blir det nokre oppgåver som de som melder dykk på skal arbeide med.

Fint om fleire frå same råd deltek i lag, slik at ein kan samarbeide om gruppeoppgåvene. Desse vil så gruppene få presentere i samlinga via Teams.

Det blir grenser på kor mange vi kan ha med på kvar av desse samlingane då det blir utfordrande å få til gjennomgang av oppgåvene dersom det blir for mange på kvar samling.

Dato og påmelding til desse samlingane kjem i eigen e-post etter ferien.



28. oktober: Dagskonferanse: "Sammen for et aldersvennlig Norge 2025"

Nasjonale konferanse der tema er forventningsgap mellom ulike partar – og korleis aldersvennlege tiltak kan bidra til å tette gapa. Her får du kunnskap om verktøy og moglegheitene som ligg i aldersvennleg som metode og ein meir aldersvennleg samfunnsutvikling.

Denne konferansen blir filma og overført direkte. Gå inn på [Sammen for et aldersvennlig Norge 2025 - Aldersvennlig](#), les meir om programmet, og registrer deg for å få tilgang. I påmeldingsskjemaet kryssar du for "Digital deltakelse".

Veke 40:

Følg med på sidene til senteret. Her vil det komme oversikt over ulike webinar du kan delta på denne veka.

Ønskjer alle ein god og vel fortent sommar.

Vennlig hilsen



Olav Sæbø

Rådgiver, Senteret for et aldersvennlig Norge
tlf. (+47) 99 60 66 24

www.aldersvennlig.no